



Statsforvaltaren i Vestland


Austrheim kommune  
Sætre marka 2,  
5943 Austrheim

# TILSYNSRAPPORT

Opplæring i faget utdanningsval

Austrheim kommune og Årås skule

Sak: 2025/13163



## Innhald

1	Samandrag.....	3
2	Innleiing.....	4
2.1	Om val av tilsynstema og vår risikovurdering.....	4
2.2	Om tilsynsprosessen.....	5
3	Kort om kommunen og skulen.....	6
4	Opplæring i og formidling av læreplanen.....	6
4.1	Rettslege krav.....	6
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	6
5	Undervegsvurdering for å fremje læring og bidra til at elevane aukar kompetansen sin	10
5.1	Rettslege krav.....	10
5.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	10
6	Våre reaksjonar.....	13
7	De har rett til å klage.....	14
8	Vedlegg.....	15

# 1 Samandrag

Vi fører tilsyn med Austrheim kommune og Årås skule. Tema for tilsynet er opplæring i faget utdanningsval og vi gjennomfører tilsynet ved å sjå på praksis ved Årås skule.

I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar i tilsynet med Austrheim kommune. Vi har avdekt at det kan vera brot på regelverket og vedtek at de må retta forholda. Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b.

Kommunen må sørgje for at:

- elevane får opplæring i samsvar med læreplanen i faget utdanningsval
- elevane kjenner til grunnlaget for vurdering av kompetansen deira i faget utdanningsval
- elevane får vite kva dei meistrar og rettleiing om kva dei må gjere for å auke kompetansen i faget utdanningsval

## 2 Innleiing

Vi fører tilsyn med kommunen som skuleeigar, jf. opplæringslova § 29-2 første ledd.

I tilsyn kontrollerer vi om kommunen følger regelverket i opplæringslova.

Tilsyna våre er utøving av offentleg myndigheit. Det gjer at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om behandlinga vår av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

Vi gjennomfører dette tilsynet med Austrheim kommune ved å sjå på system og praksis ved Årås skule. Vi opna tilsynet 26. august 2025. Vi har fått nok informasjon til å gjennomføre tilsynet.

### 2.1 Om val av tilsynsystema og vår risikovurdering

Tema for tilsynet er opplæring i faget utdanningsval.

*Utdanningsvalg er et sentralt fag for å bidra til å gjøre elevene i stand til å ta gode utdannings- og yrkesvalg. Faget skal bidra til at elevene utvikler en trygg identitet og til at de skal kunne ta valg ut fra egne interesser og forutsetninger. Gjennom arbeidet med faget skal elevene skaffe seg kunnskap om muligheter og krav i utdanningssystemet og i arbeidslivet. Faget skal bidra til at elevene utvikler kompetanse i å håndtere overganger, bidra til deltakelse og skape forståelse for sammenhenger mellom utdanning og jobbmuligheter.*

Dette står innleiingsvis i læreplanen for faget som gjeld 8.-10. årssteg i grunnskulen. Læreplanen er ei forskrift til opplæringslova og skal styre innhald i opplæringa i faget. Faget har vore obligatorisk på ungdomstrinnet sidan 2008, og elevane har samla 110 årstimar i faget.

Faget sitt kjerneelement, det vil seie det viktigaste faglege innhaldet elevane skal arbeide med i opplæringa, er karrierekompetanse, og elevane må oppleve karrierelæringa som heilskapleg og relevant.

Det finst likevel forskning som kan tyde på at elevar ikkje har opplevd faget som særleg rettleiande eller avgjerande for deira val av utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. «Elevene erfarer heller ikke økt innsikt i yrkes- og arbeidsliv som følge av undervisningen i faget, ifølge Åshild Berg-Brekkehus sitt doktorgradsarbeid fra 2020. NIFU-rapporten fra 2012 presenterer en større evaluering av faget, som underbygger disse funnene, og viser at ungdomsskolelærere mangler kompetanse i faget og er usikre på hva det skal innebære.» Dette skriv fagtilsette på Høgskulen i Vestland i ein artikkel frå oktober 2022<sup>1</sup>.

Det står òg i Stortingsmelding 34 (2023-2024) om ein meir praktisk retta skule at:

---

<sup>1</sup> Om faget utdanningsval i lærarutdanninga på [Veilederforum.no](http://Veilederforum.no) ; [Ytring: Faget utdanningsvalg i lærerutdanningen | Veilederforum.no](http://Ytring: Faget utdanningsvalg i lærerutdanningen | Veilederforum.no)

*Både innspill og forskning viser likevel til flere utfordringer for undervisningen i faget utdanningsvalg. Mange peker på at faget har et uforløst potensial sammenliknet med de faglige ambisjonene og intensjonen med faget, og at det henger sammen med at faget i for stor grad blir nedprioritert på mange skoler. Forskning har også dokumentert behovet for å utvikle en fagdidaktikk for faget. Andre utfordringer som løftes fram er mangel på tverrfaglig samarbeid og prioritering av skoleledelsen.<sup>2</sup>*

Det går fram av stortingsmeldinga at regjeringa framover ønskjer å styrke arbeidslivsoplæringa og vurdere om samanhengen mellom faga utdanningsval, arbeidslivsfag og valfag kan styrkast, under her vurdere behovet for endringar i desse læreplanane<sup>3</sup>.

Elevar har rett til opplæring etter gjeldande læreplan og til vurdering undervegs som skal fremje læringa, tilpasse undervisninga og auke kompetansen. Rektor har ansvaret for den daglege drifta på skulen og må gje lærarane føringar for arbeidet, og følgje opp at lærarane følgjer føringane.

Utdanningsdirektoratet gjennomfører kvar haust den obligatoriske Elevundersøkinga, der elevar på 7. og 10. trinn får seie meininga si om opplæringa. Undersøkinga er eit viktig verktøy for vidareutvikling og kvalitetssikring av grunnopplæringa. I Elevundersøkinga får elevane spørsmål om dei har fått eit godt grunnlag for vidare val av utdanning og yrke, så langt på ungdomsskulen. Ser vi på kva elevane på 10. trinn ved Årås skule svarar er resultatet lågare enn landssnittet siste tre skuleår. Elevane på 10. trinn ved skulen svarar også meir negativt enn elevane nasjonalt når det gjeld undervegsvurdering i fag i same periode.

Når vi vel tema for tilsyn baserer vi oss på risikovurderingar, der både sektoromspennande kjelde og enkeltstående kjelde er med på å gje oss eit relevant kunnskapsgrunnlag. Meldingar om brot på regelverket frå privatpersonar er døme på ei slik enkeltstående kjelde vi kan leggje vekt på. Vi har fått ei melding som gjeld uro for om opplæring i faget utdanningsval ved ungdomsskulane i landet skjer i tråd med regelverket. Vidare er uro for elevane sitt utbytte av opplæringa døme på tema som generelt går igjen i meldingar vi får hos Statsforvaltaren.

På denne bakgrunn har vi valt å gjennomføre tilsyn med Austrheim kommune og Årås skule, der tema for tilsynet er opplæring og undervegsvurdering i faget utdanningsval.

## 2.2 Om tilsynsprosessen

Vi opna tilsyn med Austrheim kommune og Årås skule i brev av 26. august 2025. De vart pålagde å levere skriftleg dokumentasjon til oss innan 26. september 2025 og vi fekk skriftleg dokumentasjon innan fristen. Elevane på 9. og 10. årstrinn har svart på ei enkel spørjeundersøking.

Vi har gjennomført intervju med tre lærarar i faget utdanningsval og rektor den 13. oktober 2025.

---

<sup>2</sup> [Meld. St. 34 \(2023–2024\) - regjeringen.no](#)

<sup>3</sup> [Meld. St. 34 \(2023–2024\) - regjeringen.no](#)

Vi sende ein førebels tilsynsrapport til kommunen den 27. oktober 2025, der vi presenterte våre førebelse vurderingar og konklusjonar, med ein frist for å kommentere innhaldet i rapporten. Vi mottok tilbakemelding den 31. oktober 2025. Vi har vurdert og teke stilling til kommunens kommentarar i denne endelege tilsynsrapporten.

### **3 Kort om kommunen og skulen**

Austrheim kommune ligg i Nordhordland og har 2930 innbyggjarar (SSB, 2. kvartal 2025). Årås skule er ein av to grunnskular i kommunen, med 274 elevar på 1.-10. årstrinn skuleåret 2024-2025 (GSI) .

Skulen deltek i prosjektet *Læring i Næring*, som er eit prosjekt som gjer det mogleg for elevar på 10. trinn å søkje seg jobb hos ulike verksemder i Nordhordland<sup>4</sup>.

## **4 Opplæring i og formidling av læreplanen**

### **4.1 Rettslege krav**

Kommunen som skuleeigar har det overordna ansvaret for opplæringa slik at elevane får opplæring i samsvar med opplæringslova. Rektor har ansvaret for den daglege drifta på skulen. Rektor må gje lærarane føringar for arbeidet, og følgje opp at lærarane følgjer føringane.

### **Oppfølging i og formidling av kompetansemål**

Elevane skal få opplæring etter gjeldande læreplan, jf. forskrift til opplæringslova (heretter forskrifta) § 1-1. Rektor har ansvaret for at opplæringa dekker heile læreplanen i alle faga. Det betyr at rektor må kunne fange opp om det er delar av læreplanen som ikkje er gjennomgått, på eit tidspunkt som gjer det mogleg for lærarane å komme gjennom heile læreplanen.

Elevane har rett til kjenne til læreplanane i faga, jf. forskrifta § 9-1 andre ledd. Kompetansemåla i læreplanen dannar grunnlaget for vurdering, og elevane skal difor kjenne til læreplanen. Lærarane må difor gjere elevane kjende med læreplanen.

### **4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

#### **Kontrollspørsmål:**

#### **Kjem de igjennom læreplanen i faget?**

*Våre observasjonar*

---

<sup>4</sup> [Læring i næring](#)

Rektor skriv i samband med tilsynet at skulen har ein «årsplan for å sikre at alle kompetansemåla er gjennomgått» i fag. Her står det at faglærarar skal lage årsplanar/fagplanar som skal leggjast på Teams før første foreldremøte om hausten. Faglærer/rektor skal sjekke at alle hovudområde og kompetansemål er lagt inn i fagplanane i september/oktober. Vidare skal faglærer/rektor sjekke at alle hovudområde og kompetansemål er gjennomgått/skal gjennomgåast i mars/april. «Denne planen er gjort kjent skriftleg og munnleg for heile personalet og vert arbeidd med gjennom skuleåret», skriv rektor.

Rektor opplyser i intervju at ho snakkar om formalkrav til årsplanar i fag, og legg føringar for dette, på første planleggingsdag for personalet om hausten. Dette vert stadfesta i intervju med tilsette.

Vi har fått tilsendt årsplanar for opplæring i faget utdanningsval for 8., 9. og 10. trinn ved skulen. Det går ikkje fram av planane når dei er laga, men vi fekk årsplanen for 8. årstrinn ettersendt og her går det fram at årsplanen gjeld skuleåret 2025-2026. Planane er ulike i utforminga. To av planane opplyser om kompetansemål. Den tredje er delt inn i tema, men vi kan ikkje lese ut av planen at temaa er kopla til kompetansemål. I ein av planane står det at samtale med rådgjevar er ein del av aktivitetane i faget.

Vi har fått tilsendt døme på oppgåver som elevane arbeider med i faget. I eitt tilfelle ser vi at det står to kompetansemål øvst på oppgåveteksten. På spørsmål om korleis opplæringa i faget er organisert samla sett seier rektor at «Noko ligg fast på timeplanen, men veldig mykje er knytt opp mot aktivitetar og hendingar gjennom året. Nordhordland har eit veldig godt tilbod.»

Rektor fortel i intervju:

*Vi skal ha ein årsplan i alle fag som helst skal vere klar til skulestart. På planleggingsdagane er det sett av ein ettermiddag der lærarar samordnar årsplanane sine. Dei skal legge opp til tverrfagleg arbeid slik at ein får ein flyt gjennom året.*

I intervju snakka vi med lærarane om korleis dei sikra at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla i læreplanen for faget. Ein av dei tilsette forklarte at dette må dei bli flinkare til.

Ein annan tilsett forklarar at:

*I utdanningsval har det på mange måtar vore ein rådgjevar som har lagt premisser for ein del aktivitetar på 9. og 10. trinn, prosjekter og bedriftsbesøk osv. Det ligg som ei overordna føring for det vi elles puttar inn undervegs.*

Tilsette gjev i intervju uttrykk for at grensegangen mellom utdanning- og yrkesrettleiing og faget utdanningsval er flytande. Mellom anna arbeider elevane med korleis dei kan søkje vidaregåande opplæring i VIGO og har ein eller fleire individuelle samtalar med rådgjevar som ein del av faget.

Rektor reflekterer slik i intervju:

*Eg har tenkt mykje på korleis vi skal setje mål i dette faget. Det handlar om eit grunnlag, men mykje om individuelle ønskjer og vegar å gå. Faget må opplevast meningsfullt for den enkelte eleven. I dette faget er dette ikkje utan dilemma.*

Dei tilsette kjenner ikkje til korleis rektor følger med på om opplæringa samla dekker alle kompetansemål i faget. Dei viser til at rektor baserer seg på tillit og at årsplanane er tilgjengelege: «Dei er tilgjengelege for rektor slik at ho kan sjekke viss ho vil. Eg veit ikkje om ho gjer det.»

Rektor stadfestar også at ho ikkje følgjer med på andre måtar enn at årsplanar ligg føre. Rektor seier vidare at: «Eg har tillit til at lærarane gjer det dei skal. Eg stolar på at elevane er fagleg ivaretekne.»

### *Våre vurderingar og konklusjon*

Elevane har rett på opplæring i samsvar med læreplanen i faget. Rektor har ansvaret for at opplæringa dekker heile læreplanen i alle faga. Det betyr at rektor må kunne fange opp om det er delar av læreplanen som ikkje er gjennomgått, på eit tidspunkt som gjer det mogleg for lærarane å komme gjennom heile læreplanen.

På Årås skule er krav til utforminga av årsplanar i fag eit årleg tema på planleggingsdag om hausten, og årsplanar og/eller fagplanar skal vere klare før første foreldremøte. Rektor gjer greie for ein generell framgangsmåte som skal sikre at faglærar og rektor planlegg for, og kontrollerer at, hovudområde og kompetansemål blir gjennomgått i opplæringa. Det blir òg lagt til rette for at lærarane på skulen skal samordne årsplanane sine.

Årsplanen for 10. trinn som vi har fått tilsendt har ei kolonne der alle kompetansemåla i faget er ført opp. Vidare er det ført opp læringsmål og aktivitetar i faget. Elevane på skulen har opplæring i utdanningsval alle tre åra på ungdomstrinnet. Det kjem fram i intervju med dei tilsette at dei i praksis ikkje samordnar opplæringa opp mot kompetansemåla i læreplanen på tvers av trinna. Mange av aktivitetane på 10. trinn påverkar kva dei elles legg inn i planane på trinna lenger nede. Dersom det er fleire lærarar i faget på eitt årssteg får vi døme på at desse samarbeider om ein årsplan på deira trinn.

Det står i opplæringslova<sup>5</sup> § 16-1 at kommunen skal syte for at elevar får den rettleiinga som dei treng om utdanning- og yrkesval. Det går vidare fram under departementet si vurdering i forarbeida til føresegna at «Rådgivingstenesta er ikkje ein del av grunnskoleopplæringa»<sup>6</sup>.

I dokumenta og intervju kjem det fram at utdanning- og yrkesrettleiing er ein del av innhaldet i faget utdanningsval ved skulen. I tilbakemeldinga på førebels tilsynsrapport tek kommunen opp at rådgivingstenesta naturleg overlappar med faget utdanningsval. Vi vil understreke at opplæringa sitt innhald skal vere knytt til kompetansemål i fag. Det betyr at skulen må passe på at det er kompetansemåla i læreplanen som ligg til grunn for det elevane skal arbeide med dei åra dei har faget ved skulen.

Vi kan vi ikkje finne haldepunkt for at skulen sin framgangsmåte som skal sikre at opplæringa samla blir knytt til kompetansemål i faget er tilstrekkeleg kjend og praktisert. Vi vurderer difor at skulen ikkje sikrar at opplæringa er knytt til kompetansemåla i faget.

---

<sup>5</sup> Opplæringslova § 16-1 rådgjeving; <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§16-1>

<sup>6</sup> Prp. 57 L (2022-2023), punkt 44.5.1

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

### **Kontrollspørsmål:**

#### **Oppfyller læraren elevane sin rett til å kjenne til læreplanen i faget?**

##### *Våre observasjonar*

Rektor har medarbeidarsamtalar med personalet om hausten og elevvurdering er tema i denne samtalen. Elles viser rektor til at det er lagt opp til fagmøte på skulen og at «konkretisering av læreplanen er ein kontinuerleg samtale i personalet i samband med elevvurdering.» Dette går fram av rektors eigenvurdering.

På spørsmål om rektor har bestemt ein framgangsmåte ved skulen som sikrar at dei oppfyller elevane sin rett til å kjenne til læreplanen i faget, viser rektor og fleire av dei tilsette til planleggingsdagar. Ein tilsett seier:

*[Det er ikkje bestemt ] ein fast måte, men vi har planleggingsdagar. Det blir presisert kor viktig det er at det formelle er i orden, at elevane er gjort kjende med læreplanen. Dette gjeld særleg fag med karakterar.*

Ein annan tilsett seier: «Ja, eg vil seie det. Rektor startar opp kvart skuleår med gjennomgang av året. Alle er til stades. Rektor legg fram ein kjøreplan for korleis vi gjer ting på skulen.»

Tilsette og rektor trekk i tillegg fram styrken i at det ikkje er ein så stor skule og at det gjer at den daglege dialogen vert hyppigare. Rektor forklarar òg seg om dialogen i intervju: «Eg er oppteken av vurdering, og legg til rette for refleksjon kring vurdering og mål. Denne dialogen gir meg mykje informasjon om forståinga lærarane har kring læreplanarbeid.»

I Elevundersøkinga til Utdanningsdirektoratet svara elevane på 10. trinn meir negativt enn elevane elles i landet på spørsmålet «Forklarer lærerne hva som er målene i de ulike fagene slik at du forstår dem?» i skuleåra frå 2022-25.

Vi har i samband med tilsynet spurt elevane på 9. og 10. trinn, gjennom eit elektronisk spørjeskjema, ulike spørsmål om opplæringa i faget utdanningsval. 84 prosent av elevane svarte ja på spørsmålet om læraren forklarte kva som var måla i faget utdanningsval, slik at dei forstår dei.

##### *Våre vurderingar og konklusjonar*

Elevane har rett til å vite kva dei skal lære. Det vil seie at dei må kjenne til læreplanen i faget. Rektor er ansvarleg for at lærarane gjer elevane kjende med læreplanen. Rektor kan til dømes leggje til rette for diskusjonar der de kjem fram til korleis lærarane kan formidle læreplanen. Rektor må følgje opp lærarane.

Det går fram av eigenvurderingar og intervju at rektor gir føringar for formidling av mål for opplæringa fag i samband med planleggingsdagar og fagmøte gjennom året, der læreplanmål og

vurdering i faga er tema. Medarbeidarsamtale og ulike faglege stopp-punkt gjennom året er døme på oppfølgingspunkt som verkar styrkande på personalet sin praksis.

Vi registrerer at majoriteten av elevane stadfestar at læraren forklarar kva som er måla i faget utdanningsval. Det er ikkje fullt ut klart for oss om det er kompetansemåla i læreplanen elevane svarar at dei får informasjon om, eller om det er dreier seg om mål for konkrete aktivitetar i timane.

Samla vurderer vi at rektor gjev føringar og har oppfølging av lærarane sin vurderingspraksis generelt, slik at vi finn det sannsynleggjort at lærarane gjer elevane kjende med måla for opplæringa dei får.

Regelverket er oppfylt.

## **5 Undervegsvurdering for å fremje læring og bidra til at elevane aukar kompetansen sin**

### **5.1 Rettslege krav**

Kommunen som skuleeigar har det overordna ansvaret for opplæringa slik at elevane får opplæring i samsvar med opplæringslova. Rektor har ansvaret for den daglege drifta på skulen. Rektor må gje lærarane føringar for arbeidet, og følgje opp at lærarane følgjer føringane.

#### **Undervegsvurdering for å fremje læring og bidra til at elevane aukar kompetansen sin**

Elevane har rett til undervegsvurdering, jf. opplæringslova § 2-3 andre ledd.

Undervegsvurderinga skal vere ein integrert del av opplæringa, og den skal fremje læring, tilpasse opplæringa og auke kompetansen. Undervegsvurderinga kan vere både munnleg og skriftleg, jf. forskrifta § 9-11 første ledd.

Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei, jf. forskrifta § 9-11 andre ledd bokstav b. Det er lærarane som må gjennomføre undervegsvurderinga på ein slik måte at elevane forstår dette.

Undervegsvurderinga skal gi tilbakemelding og rettleiing til elevane, jf. forskrifta § 9-11 første og andre ledd. Undervegsvurderinga skal innehalde grunnngjeven informasjon om kompetansen til elevane slik at elevane forstår kva dei meistrar. Vidare skal undervegsvurderinga gi rettleiing som bidrar til at elevane kan auke kompetansen sin.

### **5.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

#### **Kontrollspørsmål:**

**Legg skulen til rette for at elevane forstår kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei?**

### *Våre observasjonar*

Rektor skriv i eigenvurderinga om skulens framgangsmåte for arbeid med undervegsvurdering. Elevane får skriftleg og munnleg vurdering undervegs i opplæringa, og skriftleg tilbakemelding halvårleg. «Når ein startar på eit tema/delmål er første fase å klargjere for elevane kva dei skal lære. Det vert utarbeidd skriftlege kriterium i høve til måloppnåing.», skriv rektor.

I ein av årsplanane vi har fått tilsendt står det at samtalar i klassen og individuelt er vurderingsforma, i dei to andre er ikkje vurderingsform oppgitt.

Det kjem fram i intervju med rektor og tilsette at dei ikkje har praksis for å lage kriterium og uttrykk for ulik grad av måloppnåing i faget utdanningsval. Rektor forklarar det slik: «Grunnen til det er at det er eit fag der ein prøver å fange opp den enkelte eleven sine vegar å gå vidare. Det blir ein kommunikasjon mellom elev og faglærer /rådgjevar.» Ein av dei tilsette reflekterer slik: «Utdanningsval vil i ein travel kvardag gjerne tape mot tradisjonelle fag med tanke på vurdering når tidsklemma slår inn.»

Læreplanane i faget viser at det er lagt mange aktivitetar til faget, til dømes deltaking i prosjektet Læring for næring, hospitering, utdanningsmesse, samtale med rådgjevar og tema som utdanningsprogram på vidaregåande. I ein årsplan står det at hovudtema på trinna er *Kven er eg* (8. trinn), *Kva vil eg* (9. trinn) og *Kva skal eg velje, kva skal eg bli* (10. trinn).

I dokumentasjonen som vi har fått tilsendt skriv rektor «Rektor legg opp til at det er samarbeidstid for lærarane til å diskutere korleis dei skal vurdere kompetansen til elevane.»

Når vi spør tilsette på skulen om dei har arbeidd med å få ei felles forståing av kva det vil seie at elevane har vist kompetanse i faget utdanningsval, får vi forklart at lærarane i faget ikkje har arbeidd med dette på tvers av trinna: «Vi jobbar ikkje på tvers lærarane imellom om dette.» Ein annan tilsett seier: «Eg kan ikkje svare godt på det.»

### *Våre vurderingar og konklusjon*

Elevane har rett til å få kompetansen sin vurdert. Grunnlaget for vurderinga er kompetansemåla i læreplanen. Formålet med vurdering er å fremje læring og bidra til lærelyst. Elevane vil ha ein betre føresetnad for å medverke i eiga læring når dei forstår kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei.

I tilbakemeldinga på førebels tilsynsrapport spør kommunen om skulens generelle vurderingspraksis ikkje er tilstrekkeleg for faget utdanningsval.

Skulen har praksis for å arbeide med prinsipp for vurdering i fag generelt, men intervju og dokumentasjon viser at denne framgangsmåten ikkje er etablert når det gjeld opplæring i faget utdanningsval. Tilsette på skulen har ikkje etablert ei felles forståing for kva det vil seie å vise kompetanse i faget utdanningsval og det er heller ikkje arbeidd med teikn på måloppnåing i faget.

Vi kan ikkje sjå at rektor har sikra arbeidet med undervegsvurdering i faget utdanningsval tilstrekkeleg med det føremål av elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei, jf. forskrifta § 9-11 andre ledd bokstav b.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

### **Kontrollspørsmål:**

#### **Får elevane vite kva dei meistar og rettleiing om kva dei må gjere for å auke kompetansen?**

##### *Våre observasjonar*

Rektor opplyser at dei har praksis for å gje elevane skriftleg vurdering i fag halvårleg. Føremålet med ei slik halvårsvurdering vil etter regelverket vere å gje informasjon om kva eleven meistar og rettleiing om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin. Dette er ikkje praktisert i faget utdanningsval ved skulen. Rektor legg til i intervju at elevane får ei fortløpande munnleg vurdering.

Vi spør rektor i intervju på kva måte ho følgjer opp at elevane får vite kva dei meistar og rettleiing om kva dei må gjere for å auke kompetansen i utdanningsval. Ho viser til at «Det er noko vi snakkar om heile tida». Ho har møte med kontaktlærarane halvårleg om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i faga. Men det gjeld ikkje korleis elevane viser grunnleggjande ferdigheiter i faget utdanningsval spesielt, seier rektor.

Lærarane skriv i eigenvurderinga at elevane skal kjenne sine styrker og interesser og så går ein vidare med å sjå på kva yrke elevane ser føre seg. Alle må undersøke minst tre yrke på 9. årstrinn. Læraren samtalar undervegs med elevane. Dei skriv vidare «Elevar kan oppleve at dei veit akkurat kva som skal til, og det er bra. Då har dei kompetanse på det. Dei vert likevel utfordra på å finna andre vegar som gjerne er like gode, for å auke kompetansen på ulike retningsval.»

Det kjem fram i intervju med dei tilsette at dei ikkje veit på kva måte rektor følgjer med på at elevane får undervegsvurdering i utdanningsval. Alle kjem inn på at rektor må ha tillit til at personalet gjer jobben sin: «Eg tenker at rektor stoler på personalet sitt, at vi gjer den jobben. Viss ho får tilbakemeldingar frå elevar, foreldre, eller lærarar, følger ho opp det. Men ho kan ikkje gå inn på alle og kontrollere, ho må ha tillit.»

Vi har tidlegare i rapporten vist til at tilsette fortel i intervju at opplæring i faget utdanningsval og rådgjeving i utdanning- og yrkesval «sklir i kvarandre», og at samtale med rådgjevar på skulen er obligatorisk, som ein del av faget.

60 prosent av elevane svarte at dei får tilbakemeldingar frå lærar i faget som dei kan bruke til å bli betre i faget, ein gong i halvåret eller sjeldnare.

##### *Våre vurderingar og konklusjon*

Undervegsvurderinga skal gi tilbakemelding og rettleiing til elevane, jf. forskrifta § 9-11 første og andre ledd. Undervegsvurderinga skal innehalde grunngeven informasjon om kompetansen til

elevane slik at elevane forstår kva dei meistrar. Vidare skal undervegsvurderinga gi rettleiing som bidrar til at elevane kan auke kompetansen sin.

Det går fram av dokumentasjonen og intervjuet at lærarane snakkar med elevane om aktivitetane dei gjennomfører i timane. Men vi kan ikkje finne det dokumentert at elevane systematisk får vite kva dei meistrar og rettleiing om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin opp mot kompetansemåla i faget.

Vi har tidlegare i rapporten vist til at lærarane ikkje har arbeidd i fellesskap med kva det vil seie å vise kompetanse i faget, at dei ikkje har arbeidd med kjenneteikn på måloppnåing i faget og at utdanning- og yrkesrettleiing inngår som ein del av faget samla sett.

Det er uklårt kva føringar rektor har gjeve for å sikre at elevane får vite kva dei meistrar og korleis dei kan auke kompetansen i faget, og vi kan ikkje finne haldepunkt for at rektor følgjer opp lærarane sin praksis på dette området.

Vi finn etter ei samla vurdering at skulen ikkje sørgjer for at elevane får vite kva dei meistrar og rettleiing om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faget utdanningsval.

Krava i regelverket er ikkje oppfylt.

## 6 Våre reaksjonar

Vi har avdekt brot på regelverket. Kommunen har som eigar det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til opplæringslova blir følgde. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 29-2 første ledd, jf. kommunelova § 30-4.

### **Opplæring i og formidling av læreplanen**

Kommunen må sørgje for at skulen oppfyller krava til innhaldet i opplæringa og elevane sin rett til å kjenne til dette, jf. opplæringslova §§ 1-4, 1-6 og 2-3, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1 og 9-1 andre ledd.

Kommunen må sørgje for at:

- elevane får opplæring i samsvar med læreplanen i faget utdanningsval

### **Undervegsvurdering for å fremje læring og bidra til at elevane aukar kompetansen sin**

Kommunen må sørgje for at skulen gir undervegsvurdering som fremjar læring og bidreg til at elevane aukar kompetansen sin, jf. opplæringslova § 2-3 andre ledd, jf. forskrift til opplæringslova § 9-11 første og andre ledd.

Kommunen må sørgje for at:

- elevane kjenner til grunnlaget for vurdering av kompetansen deira i faget utdanningsval
- elevane får vite kva dei meistrar og rettleiing om kva dei må gjere for å auke kompetansen i faget utdanningsval

### **Erklæring og utgreiing om korleis pålegga er retta**

De skal iverksette tiltak for å rette brot på regelverket med det same. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de har retta. De skal erklære at rettinga er gjennomført og greie ut om korleis de har retta. De bør gjere greie for

- kva tiltak de har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- korleis de planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- kva for interne fristar de har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen er 1. februar 2026.

## **7 De har rett til å klage**

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om brevet har kome fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har høve til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka. I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforma klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 4. november 2025

Lill Mona Solberg  
tilsynsleiar

Anne Tandberg  
seniorrådgjevar

## 8 Vedlegg

### Innsendt dokumentasjon

Eigenvurdering – rektor

Eigenvurdering – lærarar i faget

Årsplan 9. trinn

Årsplan 10. trinn

Oppgåver vilbli.no og utdanningsval

Din indre kritiker – oppgåve

Utdanningsmessa 2024

### Ettersendt etter intervju

Årsplan 8. trinn 2025-2026

Utklipp frå PowerPoint om krav til utforming av årsplanar i fag

### Spørjeundersøking

Vi gjennomførte spørjeundersøking blant elevar på 9. og 10. klasse om opplæring i faget utdanningsval

### Intervju

Vi gjennomførte intervju på Teams med rektor og tre lærarar i faget utdanningsval 13. oktober 2025.